



STORTINGET

Innst. 300 S

(2025–2026)

Innstilling til Stortinget
fra finanskomiteen

Meld. St. 3 (2025–2026)

Innstilling fra finanskomiteen om Statsrekneskapen 2025

Til Stortinget

Innledning

Meldinga omfattar statsrekneskapen med ein løyvingsrekneskap og ein kapitalrekneskap. Løyvingsrekneskapen syner samla løyving og rekneskap for kvar post i statsbudsjettet. Under utgiftspostane ser ein òg overført løyving frå 2024 til 2025 og overført løyving frå 2025 til 2026. Kapitalrekneskapen syner statens eigedelar, gjeld og eigenkapital. Meldinga inneheld òg oversyn over rekneskapen for Svalbard, statens garanti-ansvar, tilsegn- og bestillingsfullmakter og oversyn over aksjar som staten eig. Det er lagt vekt på å forklare avvik mellom budsjett og rekneskap for 2025. Budsjettutviklinga gjennom 2025 fram til nysalderinga er nærare omtalt i Prop. 26 S (2025–2026) Ny saldering av statsbudsjettet 2025.

Det oljekorrigerte budsjettunderskotet vart i nysaldert budsjett anslått til 480,2 mrd. kroner, medrekna endringane i stortingshandsaminga. Det var ein auke på 34,4 mrd. kroner frå budsjettet vart vedteken i desember 2024. Etter dette har underskotet minka med 4,5 mrd. kroner frå nysaldert budsjett til 475,7 mrd. kroner i rekneskapen. Utgiftene vart 8,4 mrd. kroner mindre enn budsjettet, medan inntektene vart 3,9 mrd. kroner mindre. Det er særleg utgiftene under forsvar som vart lågare enn budsjettet. På inntektssida vart skattane noko lågare enn venta, medan inntektene under forsvar

vart høgare. Statsrekneskapen vart difor gjort opp med eit overskot på 4,5 mrd. kroner.

For 2025 syner Statens pensjonsfond eit overskot på 634,6 mrd. kroner. Til saman vert statsrekneskapen og Statens pensjonsfond gjorde opp med eit overskot på 639,1 mrd. kroner i 2025.

Rekneskapen og denne meldinga speglar statens ut- og innbetalingar og balanse til og med 31. desember 2025, i tråd med prinsippa for føring av statsrekneskapen, sjå kapittel 4.4.

Kapittel 1 gjer greie for hovudelementa i statsrekneskapen og budsjettpolitikken. Dette omfattar mellom anna bruken av fondsmidlar, veksten i statsutgiftene og statens skatte- og avgiftsinntekter frå Fastlands-Noreg og frå petroleumsverksemda. Lånetransaksjonar og finansieringsbehov vert òg omtalt. Kapittel 2 tek føre seg programområda til departementa kvar for seg. I kapittel 3 er rekneskapen til Statens pensjonsfond omtalt, og i kapittel 4 er det gjort greie for statens balanse og finanspostar og garantiar.

Ein viser til meldinga for nærare omtale.

Dokumenta i saka er tilgjengelege på sakssida på stortinget.no.

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Frode Jacobsen, lederen Tuva Moflag, Tellef Inge Mørland, Even A. Røed og Maria Aasen-Svensrud, fra Fremskrittspartiet, Hilde Grande, Martin Virkesdal Jonsterhaug, Hans Andreas Limi og Tom

Staahle, fra Høyre, Henrik Asheim og Nikolai Astrup, fra Sosialistisk Venstreparti, Marthe Hammer, fra Senterpartiet, Bjørn Arild Gram, fra Rødt, Mímir Kristjánsson, fra Miljøpartiet De Grønne, Ingrid Liland, fra Kristelig Folkeparti, Jørgen H. Kristiansen, og fra Venstre, Abid Raja, tar omtalen til orientering og viser for øvrig til Dokument 1 fra Riksrevisjonen, som blir behandlet i kontroll- og konstitusjonskomiteen.

Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av en samlet komité.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til meldingen og råår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

Meld. St. 3 (2025–2026) – Statsrekneskapen 2025 – vedlegges protokollen.

Oslo, i finanskomiteen, den 19. mai 2026

Tuva Moflag

leder og ordfører